



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sande kommune

6084 Larsnes

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	24.10.2016	110702/2016/REGULERINGSPLAN/1514	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	27.12.2016

Sande kommune - detaljregulering - reguleringsplan del av gbnr 63/10 mfl på Voksa - fråsegn til varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Ved planlegging av fritidsbustader innanfor strandsona må planlegginga ta konkret stilling til korleis dei allmenn ferdsel langs sjøen skal bli sikra. Vi rår til at arealet nærast sjøen får eit eige arealføremål, egna for å sikre allmenn ferdsel.

Automatisk freda kulturminne

Innanfor planområde ligg det eit automatisk freda kulturminne i form av ein steinalderlokalitet. I fylje kulturminnedatabasen Askeladden vart; «Lokaliteten funnen i 1975 av Tore Bjørgo i samband med museet sine registreringar i vegtraseen Voksa-Sandsøy. Lokaliteten låg den gong framme på ein tydeleg strandvoll med ei torvmyr attanfor. Siden har her vorte påfylt massar og jamna ut med maskin med tanke på nydyrking. Lokaliteten er såleis omrota. Kor vidt det kan liggje urørde kulturlag framleis, er vanskeleg å seie. I den omrota overflata vart det funne 10 avslag av flint, 8 avslag av kvarts/kvartsitt, 1 stykke skifer og 1 pimpstein.»

Vi vurderer planområdet/utbyggingsområdet til å ha potensial for automatisk freda kulturminne, særleg knytt til steinalder og sein steinbrukande tid. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med nye nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Det *kan* i dette området også vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnadar til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette. Gravemaskina bør helst vere 10-15 tonn, og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,20 m breidd.

Utover dette ber fylkeskommunen om at steinalderlokaliteten med tilhøyrande 5 meters sikringssone vert liggande i reguleringsplanen markert som vernesone H730. I tillegg skal det markerte området ikring, som er markert som kulturmiljø bli liggande med omsynssone H570, i samsvar med kommuneplanen. Dette område kan justerast i etterkant av registreringane, alt etter kva resultatet blir.

Budsjett arkeologisk registrering

Møre og Romsdal Fylke							
Saksnr.	2016/24685		Saksbeh.:	Arve Eiken Nytun		Dato:	20.12.2016
Sted/ gård, kommune	Voksa, Sande kommune						
Tiltakshaver	Øystein Baade						
Adresse	6089 Sandshamn						
LØNNSKOSTNADER							
timekostnader	timer	à kr	direkte lønn	sos.utg.		sum	
				47 %			
Forarbeid	7,5	kr 285,00	kr 2 138	kr 1 005	kr	kr	3 142
<i>Delsum</i>	8		kr 2 138	kr 1 005	kr	kr	3 142
Feltarbeid	75	kr 285,00	kr 21 375	kr 10 046	kr	kr	31 421
<i>Delsum</i>	75		kr 21 375	kr 10 046	kr	kr	31 421
Etterarbeid	37,5	kr 285,00	kr 10 688	kr 5 023	kr	kr	15 711
<i>Delsum</i>	38		kr 10 688	kr 5 023	kr	kr	15 711
Sum lønnskostnader	120		kr 34 200	kr 16 074	kr	kr	50 274
Indirekte kostnader	60 % av timekostnader					kr	30 164
DRIFTSKOSTNADER							
	antall	à kr					
Kost	10	kr 1 100,00			kr		11 000
Losji	14	kr 1 000,00			kr		14 000
Reiseutlegg					kr		2 000
Leiebil el. tilsvarende	Leiebil (400 kr døgnet)				kr		4 000
Sum reise, kost og losji					kr		31 000
Forbruksmateriell og utstyr	(10 %)				kr		8 044
Sum driftskostnader					kr		39 044
KJØP AV TJENESTER							
Gravemaskin							
Annet teknisk utstyr							
<i>Delsum</i>							
Naturvitenskaplige analyser	antall	à kr					
14C	2	kr 4 950,00			kr		9 900
annet	Treartsbestemmelse (250 kr pr. prøve)						
<i>Delsum naturvitenskap</i>					kr		9 900
Andre konsulent tjenester							
Sum kjøp av tjenester					kr		9 900
Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)							
Bergen Museum			10 %		kr		5 027
SUM BUDSJETT (maksimum)					kr		134 410



Eide Bygg og Rådgivning
Valle
6260 Skodje

Sande kommune
Detaljregulering - Privat reguleringsplan for hytteområde gnr63 bnr10 - Eide
Bygg og Rådgivning
Oppstart

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Oppstartsvarselet gjeld privat detaljregulering for å etablere eit område for fritidsbusetnad og tilhøyrande småbåtanlegg på Voksa. Omsøkte område på land er i kommuneplanen lagt ut til byggeområde for fritidshus med krav til reguleringsplan. Når det gjeld sjøområdet, er det noko avvik mellom omsøkt planområde og kommuneplanen.

Natur- og miljøvern

Etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Ifølgje føresegnene i kommuneplanen skal det i byggeområde avklarast byggegrensing langs sjø i reguleringsplan. Planområdet utgjør eit vel 100 meter bredt område mellom fylkesvegen og sjøen. Av omsyn til dei verdiane som § 1-8 nemner, bør fritidshusa trekkjast godt tilbake frå strandkanten. For at strandsona skal fungere som eit felles friluftsområde ved sjø, rår vi til at det setjast ei byggegrensing mot sjøen på minimum 30 meter.

Sjøområdet her ligg innanfor eit område kartlagt som eit større hekke- og beiteområde for fleire sjøfuglartar, nokre av dei med raudlistestatus nær trua. Det er langgrunt i sjøen, og slike gruntvassområde er biologisk rike områder og er mellom anna viktige for småfisk som igjen er viktige for næringsgrunnlaget for sjøfugl. Vi legg difor til grunn at tiltaket ikkje inneber mudring i sjø utanfor området for fritidsbustader.

Det ligg allereie ei småbåthamn innanfor planområdet, men slik vi forstår er denne tenkt utvida. Vi er ikkje kjent med undervassvegetasjonen her, men dersom det er ålegraseng her, må det takast omsyn til denne slik at den ikkje øydeleggast. Vi minner også om at eventuell mudring i sjø må skje etter særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå

fylkesmannen. Skal det fyllast ut i sjø, må ein først undersøke om sjøbotn er forureina. Undersøkingane må gjerast i tråd med rettleiar M-350/2015 «Håndtering av sedimenter» som er tilgjengelig på www.miljodirektoratet.no. Dersom sjøbotn er forureina er det naudsynt med løyve etter forureiningslova § 11 før utfyllinga kan starte opp.

Vi minner også om naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Det må difor gå klart fram av planomtale og saksutgreiing korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova vil vere ein saksbehandlingfeil.

Samfunnstryggleik

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6.

For reguleringsplaner av denne typen kan ROS-analysen ta utgangspunkt i Fylkesmannen si sjekklister for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga. Sjekklister er å finne på Fylkesmannen sin nettstad.

Planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum og vi minner om at DSB har gitt ut ny rettleier «Havnivåstigning og stormflo» (september 2016) som kan brukast til å fastsetje kote for tilstrekkeleg tryggleik.

Konklusjon

Vi viser til merknadene ovanfor og ber om at det takast omsyn til desse i den vidare planlegginga.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf. 71 25 84 89

Kopi:

Sande kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund



KYSTVERKET

Midt-Norge

Eide Bygg og Rådgiving
Skulevegen 2
6260 SKODJE

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandlar: Dato:
2016/5620-2 413.2 Tormod Hjørungnes Engen 07.11.2016

Fråsegn - Varsel om detaljregulering av deler av gnr 63- bnr 10 på Voksa - Sande kommune - Møre og Romsdal fylke

Vi viser til dykkar e-post 24.10.2016 om oppstart av ovannemnde reguleringsarbeid med føremål fritidsbustadar og småbåtanlegg.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Samferdselsdepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning og sjøverts ferdsle. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med *Lov om havner og farvann av 17. april 2009 nr 19* mm. Føremålet med lova er å sørge for trygg ferdsle, framkommeleg farvatn og ei best mogleg planlegging, utbygging og drift av hamner og farleier.

Vår vurdering

I samsvar med vedlagt kartutsnitt over planområdet kan vi ikkje sjå særskild innverknad på Kystverket sine anlegg og installasjonar eller andre omsyn Kystverket er satt til å ivareta i medhald av "*Lov om havner og farvann*". Vi har såleis ikkje vesentleg å merke til oppstart av reguleringsarbeid for det aktuelle området.

Med helsing

Harald Tronstad
regiondirektør

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Sande kommune		6084	LARSNES
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404	MOLDE

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse: Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson



Statens vegvesen

Eide Bygg og Rådgiving



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Geir Eide

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Silje Skaro / 94797791

Vår referanse:
16/163313-2


Dykkar referanse:

Vår dato:
07.11.2016

Fv. 6 i Sande kommune – uttale til varsel om oppstart av privat regulering – del av gnr. 63 bnr. 10 – Voksa

Vi syner til varsel om oppstart av detaljplanarbeid på gnr. 63, bnr. 10 på Voksa i Sande kommune. Det skal regulerast for fritidsbustader med tilhøyrande småbåtanlegg.

Området er i kommuneplanen sett av til fritidsbustader, Fh11. Fartsgrensa i området er 80 km/t og ÅDT er 100.



Idègrunnlag vedlagt søknad

Avkjørsle frå fv.6

Motteke idègrunnlag viser ei felles avkjørsle til fritidsbustader/småbåtanlegg. Avkjørsle må utformast ihht. utformingskrav og siktkrav i N100 med tilhøyrande retningslinjer.

Frisiktsoner må visast på reguleringsplanen, og må kome fram av føresegnene.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Arealføremål

Statens vegvesen står som eigar av gnr. 63, bnr. 63. Arealet langs vegen må regulerast til vegføremål. Bredda på arealet må vere minimum 7 meter frå ytterkant veg (jmfr. Handbok 231 Rekkverk og NA-rundskriv 4/2011).

Vedlagt idègrunnlag viser areal regulert til fritidsbustad som går helt opp til fylkesvegen. Det må visast byggegrense på planen. I «Rammeplan for avkjørsler og byggegrense» som er under utarbeiding er fylkesvegen gitt haldningsklasse «mindre streng». Anbefalt byggegrense er der sett til 30 meter frå midtlina av vegen. Vi vil rå til at slik byggegrense vert innarbeidd i reguleringsplanen for område Fh11, både av omsyn til høgspentanlegget som går over området, trafikktryggleik, og då fritidsbustadane vil vere knytt til intern adkomstveg søraust i området, som skissert på motteke idègrunnlag. Avkjørsle frå fylkesvegen ut over det som er vist i idègrunnlaget vil ikkje kunne påreknast.

Øvrige avklaringar og vurderingar vert å kome attende til når plan ligg føre.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
Seksjonssjef

Silje Skaro

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE
Sande kommune i Møre og Romsdal, 6084 LARSNES